



Trygve Aasan
Flatdalsvegen 920
3841 FLATDAL

Byggesak - delegera - nr. 14/8

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
2013/2553-8 Egil Birkrem,35065163 L42 20.02.2014
egil.birkrem@seljord.kommune.no

137/4 - Kråkeroe - Løyve til bygging av ostelager og nytt uthus

Saksdokument:

Søknad med følgjebrev
Situasjonskart
Teikningar
Brev til Fylkesmannen – verneområdestyre
Vedtaksbrev frå Verneområdestyre

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld oppføring av nytt nybygg i stav og laft for produksjon og lagring av ulike ostetypar. Under bygget (ostelager) blir det kjellar. Bebygd areal blir 26m² og bruksareal på 22m².

Det søkast også om riving av dagens uthus og oppføre eit nytt uthus i stav og laft for meir lagerplass og ny utedo. Bebygd areal blir 45m² og eit bruksareal på 40m². Utedoen kan berre nyttas til den bruken Kråkeroe vil få i samsvar med dette vedtak. Utedoen må plasserast der grunnforholda er optimale for slik bruk. Rådmannen rår søkjar til at utedoen blir bygd som eit biologisk toalett. Verneområdestyret for Brattefjell – Vindeggen landskapsvernområde har med heimel i kap. IV, pkt. 3.1 i verneforskrifta for Brattefjell – Vindeggen gjeve løyve til tiltaket med vilkår som er medtatt her. Rådmannen har ingen andre merknadar.

Vedtak:

Med heimel i § 20-2 i pbl-lova vert søknad om oppføring av ostelager, riving av eksisterande uthus og oppføring av nytt uthus på eigedomen 137/4 Kråkeroe – Rjukanveg 1517 godkjent i samsvar med søknad. Løyve omfattar ikkje "serveringsbygg" – bygg 1 i søknaden.

Utedoen må plasserast der grunnforholda er optimale for slik bruk.

Det vert sett følgjande vilkår i samsvar med Verneområdestyre sine vilkår;

- *Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.*
- *Restane etter rivinga må fraktast ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande regelverk for handtering av ulike slag avfall.*
- *Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi som viser dei nye bygningane frå ulike vinklar sendast verneområdestyret, seinast to månader etter at bygget står ferdig.*
- *Det skal takast omsyn til materialbruk og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.*

Vedtaket er gjort etter delegert fullmakt.

Med helsing

Kåre Groven
Teknisk sjefEgil Birkrem
Avdelingsingeniør

Kopi: Planutvalet

Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Seljord kommune Teknisk avdeling	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet) (2) Dato 05.02.2014
(3)Mottakar (namn og adresse) Trygve Aasan, Flatdalsvegen 920, 3841, FLATDAL	(4)Klageinstans Fylkesmannen i Telemark
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ynskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. - Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gjeva nærare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	